

Gratis til Uskedalen!

20.10.2015

Ein av medarbeidarane til uskedalen.no hadde i dag ei positiv oppleving på vegen frå Stord til Uskedalen. Det begynte lovande med at snøggåten la til att etter først å ha lagt frå - fordi vår medarbeider truleg var ein tanke for sein på brygga.

Neste etappe skulle gå med buss frå Sunde og vart ikkje så positiv i starten. Då vår mann skulle betala med kort fekk han til svar at Skyss ikkje tok kort. Han sa ein tanke brydd: - Vi har ikkje kome så langt på lokalbussane. Men du får berre setta deg ned.

Dermed kom vi gratis med buss til Uskedalen. Sjøføren beklaga igjen og bar ut kufferten for vår mann.

Så er spørsmålet: Når skal Skyss komma ajour med tida?

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen